



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

19 AUG 2015

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/101106-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.08.2015

Vår uttale - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - Fv. 48 - gnr. 112 bnr. 160 og 161 - Åsen byggefelt - Dimmelsvik - Kvinnherad kommune

Viser til dykkar oversending, motteke 14.08.2015.

I eksisterande reguleringsplan er det regulert frittliggjande småhusbusetnad på desse to tomtene. Det vert nå søkt om tettare utnytting av tomtene. Det er søkt om å setja opp to 2-mannsbustader. Dette fører til at større areal vert utnytta til busetnad og areal til tilkomst/parkering enn det som først var tenkt i reguleringsplanen. Dette får slike følgjer at busetnaden må liggja nærare fylkesvegen. Statens vegvesen har forståing for at det er ynskjeleg med fortetting i eksisterande bustadfelt, men dette bør ikkje gå ut over bukvaliteten. Eksisterande bustader langs fylkesvegen i området har ei byggjeline på ca. 23 meter til midte fylkesveg (sjå kart under).



Kvinnherad kommune si innstilling går på at det vert gjeve dispensasjon inntil 15 meter for bygg inklusiv terrasse. Statens vegvesen ber om at denne vert auka til min. 18 meter. Dette grunnjev vi med at det er tidlegare planlagt gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og det er

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


mogeleg at denne planen vert endra slik at ein får betre kurvatur på framtidig veganlegg. Det kan bety at vegen kan koma nærare busetnaden på oppsida av vegen.

Statens vegvesen har ikkje merknader til at det vert sett opp ein 1,5 – 2 m høg forstøtningsmur til tomtegrensa som omsøkt.

Statens vegvesen tilrår at det vert gjeve dispensasjon inntil 18 m frå midte fylkesveg (overordna fylkesveg) til næraste bygningsdel på eigedomane 112/160 og 161.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing


pr Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN